



Rune Gripsgård
Gripavegen 72
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/1843 - 16/15442

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:
10.08.2016

Godkjenning av søknad om fritak frå gjødselplan 2016- GBNR 35/1 Gripen

Administrativt vedtak. Saknr: 276/2016

Saksutgreiing:

Rune Gripsgård har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gnr. 35, bnr. 1. Drifta er 9 vinterfora sauer. Det er 11,2 daa fulldyrka, 8,8 daa overflatedyrka og 24,3 daa innmarksbeite på bruket. Driftsforma er utegangardrift, så det er ikkje oppsamling av husdyrgjødsel. Det vert kjøpt inn om lag 750 kg 18-3-15 som vert spreidd på alt jordbruksarealet. Det vil verta brukt mindre gjødsel etter kvart som areala kjem i hevd att.

Areleg tilført næringsstoff p.r daa /år på slåtteearealet				Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium
Kg	Gjødselslag	Totalt areal		Kg pr. daa		
750	18-3-15	44	slåttemark	3	0,5	2,5
			beite			
Sum				3	0,5	2,5

Normgjødsling i vårt område p. r daa/år er 22 kg nitrogen, 3 kg fosfor og 10 kg kalium

Vurdering:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera for kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50 % av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling for både nitrogen, fosfor- og kaliumgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (1,3 før fråtrekk for beitepraksis) og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har difor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødsel plan i 5 år.

Vedtak

Meland kommune gjev med heime i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 15.08.2021 for gnr. 35, bnr. 1, då bruket er ekstensivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Rune Gripsgård

Gripavegen 72 5918

FREKHAUG